



Arkivnr: 2014/927-6
Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		23.09.2015
Fylkestinget		13.10.2015

Finansrapport 2. tertial 2015

Samandrag

Fylkeskommunen si lånegjeld har passert 8,9 mrd. kr. 52,4% av gjelda har rente som er bunden i meir enn eitt år. Fylkeskommunen er dermed lite utsett for renteendringar på kort sikt. Men på lengre sikt kan ein eventuell auke i rentenivået bli ei stor utfordring.

Gjennomsnittleg rentenivå for låneporteføljen har gått ned med 0,06 % i 2. tertial og er no 0,28% lågare enn ved årsskiftet. I 2015 ser det ut til å gå mot ei innsparing i netto renteutgifter på om lag 15 mill. kr.

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek finansrapporten for 2. tertial 2015 til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Rapport gjeldsportefølje pr. 31.08.15 (BCM)

Fylkesrådmannen, 09.09.2015

I 2. tertial er det teke opp eit nytt obligasjonslån på 300 mill. kr med fast rente i 5 år (1,82 %). Hittil i år er det teke opp 2 nye lån på til saman 800 mill. kr. Planen er å ta opp enda eit lån på vel 300 mill. kr i år. Det skal betalast avdrag på 330 mill. kr. Fylkeskommunen si lånegjeld (eksklusive bompengeprojekt) vil dermed utgjere om lag 8,9 mrd. kr ved utgangen av året.

Norges Bank sette ned styringsrenta i juni, og pengemarknadsrenta har hatt ein fallande kurve i 2. tertial. På den andre sida har kredittmarginen auka ein god del dei siste månadene. Når fylkeskommunen tek opp sertifikat- eller obligasjonslån, er det vanleg å ta utgangspunkt i 3 mnd. Nibor +/- ein margin. I byrjinga av året kunne fylkeskommunen ta opp sertifikatlån til rente lik 3 mnd. Nibor. No må ein gjerne betale om lag 0,3 % over Nibor-renta.


Dette understrekar at det er fornuftig å spreie seg på ulike typer lån med ulike rentevilkår. Det vil variere over tid kva som gjev lågast rente.

Lånegjeld

	kr 1 000	
	Fylkeskassen	Bompengeprojekt
Lånesaldo 1. januar	8 129 145	211 000
Nye låneopptak i 2015	800 000	0
Avdrag	0	0
Lånesaldo 31. august	8 929 145	211 000

Låna fordeler seg slik på långjevarar:

	Tal lån	Beløp	Andel
Sertifikatlån	7	2 423 000	27,1 %
Obligasjonslån	7	2 835 000	31,7 %
Kommunalbanken	12	3 658 691	41,0 %
DNB	1	12 454	0,1 %
Totalt	27	8 929 145	100,0 %



Kommunalbanken er framleis største långjevar for fylkeskommunen med 41 % av låna. Men dei to siste åra er det berre teke opp sertifikatlån og obligasjonslån. Kommunalbanken sin del av porteføljen er på veg nedover.

Sertifikatlån og obligasjonslån er lån direkte i marknaden, der banken opptre som mellommann. Sertifikatlån har løpetid på inntil 1 år, medan obligasjonslån har løpetid på over 1 år.

Gjeldsgrad

Ved siste årsskifte hadde Hordaland fylkeskommune ein netto gjeldsgrad på 95,9 % av driftsinntektene. Berre Sør-Trøndelag hadde høgare gjeldsgrad med 99,9 %. I gjennomsnitt utgjorde netto lånegjeld for fylkeskommunane 63,1 % av driftsinntektene.

Ein ventar at Hordaland i 2015 vil kome opp i ein gjeldsgrad på ca. 104 %.

Det er vanskeleg å setje noko eksakt grense for kva som er eit berekraftig gjeldsnivå. Det avheng av mange faktorar, t.d. framtidig inntektsvekst, forventning om utvikling i rentenivå osv. I ein rapport frå Riksrevisjonen (Dokument 3:5 2014-2015) vert grensa for når gjeldsnivået byrjar å bli faretruande høgt sett ved 75 %. Dette tilseier at Hordaland fylkeskommune i komande økonomiplanar bør leggje opp til å dempe veksten i lånegjelda.

Forvaltning av gjeldsporteføljen

I finansreglementet er det bestemt at "halvparten av lånegjelda bør som hovudregel ha fast rente. Andelen fast rente kan likevel variera mellom 40 % og 60 % ut frå om ein finn vilkåra for binding gunstige eller ikkje."

Tabellen nedanfor gjev oversyn over fordelinga mellom fast og flytande rente:

	30. apr. 2015			31. aug. 2015		
	Lånesaldo	Andel	Rente	Lånesaldo	Andel	Rente
Lån med rentebinding over 1 år	5 056 000	58,6 %	3,09 %	4 676 000	52,4 %	2,90 %
Lån med flytande rente / rentebinding under 1 år	3 573 145	41,4 %	1,88 %	4 253 145	47,6 %	2,14 %
Totale lån	8 629 145	100,0 %	2,59 %	8 929 145	100,0 %	2,53 %

Ein har definert grensa mellom fast og flytande rente ved 1 år. I løpet av sommaren har 2 rentebytteavtalar passert denne grensa, slik at dei har mindre enn 1 år igjen av bindingstida. Dette har medført at andelen lån med rentebinding har gått ned. Det har og påverka gjennomsnittrenta for dei to kategoriane av lån.

Ved utgangen av august hadde 52,4 % av låneporteføljen fast rente, med meir enn 1 år igjen av bindingstida.

Pr. dags dato har fylkeskommunen 3 lån i Kommunalbanken og 3 obligasjonslån med fast rente. I tillegg har ein 10 rentebytteavtalar, der ein betaler fast rente og mottar flytande rente. På denne måten sikrar ein renta på lån som er tekne opp med flytande rente.

Gjennomsnittleg rentesats for heile låneporteføljen har i løpet av 2. tertial gått ned frå 2,59 % til 2,53 %.

Renteregulering

Gjennomsnittleg bindingstid på renta skal vere minimum 1 år og maksimum 4 år. Pr 31. august er bindingstida 2,4 år.

Oppstillinga nedanfor viser kor stor del av låneporteføljen som har renteregulering kvart år. 30,7 % av låna vil få regulert renta i løpet av 2015.

År	Beløp	Tal lån	Andel
2015	2 741 145	9	30,7 %
2016	1 512 000	4	16,9 %
2017	725 000	2	8,1 %
2018	555 000	2	6,2 %
2019	951 000	3	10,7 %
2020	1 005 000	3	11,3 %
2021	620 000	2	6,9 %
2022	820 000	2	9,2 %
Total	8 929 145	27	100,0 %

Løpetid

For å redusere refinansieringsrisikoen, skal låneporteføljen vere diversifisert med omsyn til løpetid. Einskildlån skal aldri utgjera meir enn 20 % av den samla gjeldsporteføljen.

Tabellen nedanfor gjev oversyn over lån som har forfall kvart år framover.

År	Beløp	Tal lån	Andel
2015	1 603 454	6	18,0 %
2016	2 042 000	5	22,9 %
2017	725 000	2	8,1 %
2018	555 000	2	6,2 %
2019	730 000	2	8,2 %
2020	1 005 000	3	11,3 %
2021	608 000	2	6,8 %
2022-	1 660 691	5	18,6 %
Total	8 929 145	27	100,0 %

Pr. 31. august har fylkeskommunen 7 sertifikatlån. Tre av desse har løpetid på 12 månader. Dei andre er 3-månaders lån. Obligasjonslåna har løpetider frå 2 - 7 år, medan dei fleste Kommunalbanklåna har løpetid på 10 år. Vel halvparten av fylkeskommunen sine lån treng ikkje fornyast før i 2018 eller seinare.

Bankinnskot

Ein kan gje følgjande oversyn over innskot ved utgangen av august:

	April 2015	Aug. 2015
Ordinære bankinnskot	919 072	814 378
Skattetrekksmidler	126 919	69 243
Bankinnskot "øyremerkte" midlar	492 920	567 864
Bankkonti bompengeprojekt	172 028	170 008
Sum bankinnskot	1 710 939	1 621 493
Kassabeholdningar	23 285	21 787
Sum bankinnskot og kassabeholdn.	1 734 224	1 643 280

Summen av innskot har gått litt ned sidan førre rapportering, men er framleis over 1,6 mrd. kr.

Renterisiko

Slik situasjonen er pr. 31. august, vil endringar i rentenivået gje små utslag for fylkeskommunen første året. Ved ein renteoppgang vil auka renteinntekter av bankinnskott og utlån og rentekompensasjon for skulebygg og veginvesteringar om lag oppvege auken i renteutgifter på lån.

Sjølv om tabellen framfor syner at andelen lån med fast rente har gått noko ned i 2. tertial, er ein likevel godt sikra første året. For 4 av låna som er med under kategorien «flytande rente / rentebinding under 1 år» ligg renta likevel fast i 6-12 månader framover.

Ein kan konkludere med at fylkeskommunen er lite utsett for renteendringar på kort sikt. Men om ein ser 3-4 år fram i tid, er auke i rentenivået ein stor risikofaktor.

Prognose i høve til budsjett

Ein reknar med å oppnå ei innsparing på ca. 15 mill. kr i 2015.

Som vedlegg til saka følgjer ein rapport utarbeidd av Bergen Capital Management. Her finn ein meir detaljopplysningar, m.a. ei opplisting av alle fylkeskommunen sine lån med gjeldande rentesatsar.